



Kathrine Aven Sætre
Sundsbøvegen 190
5955 Lindås

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/7857 - 23/81473

Saksbehandlar:
Roba Alserhan
roba.al.serhan@alver.kommune.no

Dato:
23.10.2023

Fritak frå kravet om gjødselplan GBNR 119/1

Administrativt vedtak: Saknr: 1115/23

VEDTAK:

Alver kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år fram til 01.11.2028 for GBNR 119/1, då bruket er ekstenivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresetnadane for dispensasjon vert endra , må det fremjast ny søknad.

Saka gjeld :

Føretaket **Kathrine Aven Sætre** har søkt om fritak for gjødselplan på grunn av ekstensiv drift på gbnr 119/1.

Drifta er 15 geiter og 28 vinterfora sauer som går 40 veker på utmarksbeite og 12 veker på innmarksbeite.

Jordbruksarealet på bruket er 19 daa overflatedyrka, 22 daa innmarksbeite og 4 daa fulldyrka mark.

Føretaket opplyser om at det vert nytta 500 kg fullgjødsel 18-3-15 pr år på innmarksbeite om våren i vekstsesongen.

Åreleg tilført næringsstoff p.r daa/år på jordbruksareal					Kg Nitrogen	Kg Fosfor	Kg Kalium
Kg	Gjødselslag	Total areal(daa)		Kg pr.daa			
500	18-3-15	22 daa	Innmarkbeite	22	3,96	0,66	3,3

Normgjødsling i vårt område p.r daa/år er 22 kg nitrogen, 3 kg fosfor og 10 kg kalum.

VURDERING:

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå føretaket dispensera frå kravet om gjødselplan for føretak som vert drive svært ektensivt. Gjødslinga skal vera under 50% av normgjødsling.

Bruket ligg under 50 % av normgjødsling. Bruket er lite, har få gjødseldyreiningar (GDE=0) og har stort areal i høve til dyretalet.

Kommunen har derfor ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon frå krav om gjødselplan i 5 år. Kommunen oppmodar føretaket til å ta jordprøvar for å få oversikt over næringsinnhaldet, pH, og om arealet treng kalking. Jordprøvar kan vera grunnlag for betre tilpassing av gjødselsmengde og gjødselslag til jordart og driftsform.

Regelverk

Forskrift om gjødselplanlegging.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «23/7857»

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Roba Alserhan
Rådgjevar Landbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Frode Sætre
Frode Sætre, Kathrine Aven Sætre

Sundsbovegen 190

5955 Lindås